

Arve Olav Kjørlaug
Gangstøvegen 99
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6635 - 21/59335

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
09.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 133/86 Soltveit søndre

Tiltak: dispensasjon frå LNF til tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 133/86
Tiltakshavar: Arve Olav Kjørlaug
Ansvarleg søkjar: Arve Olav Kjørlaug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.07.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskart som viser eksisterande situasjon, samt situasjonsplan der planlagt tilbygg er teikna inn og påført ytre hovudmål/nøyaktige mål. Avstand til nærmaste nabo må oppgis. Bruk vedlagt kart.
2. Det må sendast inn plan-, snitt- og fasadeteikningar som viser eksisterande situasjon og ny situasjon etter oppføring av tilbygg.
3. Dersom du ynskjer å søke om dispensasjon og byggeløyvet i eitt, må du fylle ut og sende inn følgjande skjema:
[5153-Søkn. om tilt. uten_s1 \(dibk.no\)](#)
[5154-Nabovarsel \(dibk.no\)](#)
[5155-Opplysn. gitt i nabov. \(dibk.no\)](#)
[5156-Kvittering for Nabovarsel \(dibk.no\)](#)
4. Du må oppgje nøyaktig storleik på tilbygget.

Om du kun vil søkje om dispensasjon og ikkje byggeløyve no, så gje ein tilbakemelding om det.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **30.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arve Olav Kjølraug
Arve Olav Kjølraug

Gangstøvegen 99
Gangstøvegen 99

5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND